



Vår dato:

30.06.2022

Vår ref:

2022/386

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Sunnfjord kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Sunnfjord kommunestyre har i møtet 23.06.2021, sak 073/21, handsama og vedteke økonomiplanen for 2022 – 2025 og i møtet 09.12.2021, sak 133/21, vedteke budsjettet for 2022.

Sunnfjord kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjett dokumenta.

Oppsummering

Sunnfjord kommune har eit moderat økonomisk handlingsrom vurdert etter ei gradering om lite, moderat eller større grad av økonomisk handlingsrom ut frå resultat, måltal og handlingsreglar. For å styrke handlingsrommet er det nødvendig at kommunen gjennomfører dei omtalte økonomiske omstillingane med konkrete innsparingstiltak. Viktig i den samanheng er at handlingsregelen om gradvis å redusere lånegjelda samanlikna med driftsinntektene blir gjennomført i planlegging og styring av kommunen. På sikt vil òg dette gje moglegheiter til avsetjingar til disposisjonsfond og styrke kommunen sin bufferkapital. Kommunen vil då betre handtere mellombelse svingingar i økonomien, og over tid oppretthalde ei handleevne som sikrar eit stabilt og godt tenestetilbod til innbyggjarane.



Budsjett 2022

Etter Kostra-tal for 2021¹ fekk kommunen eit netto driftsresultat på 59,3 mill. kroner. Det utgjer 2,6 prosent av driftsinntektene. Etter at det er overført 39,2 mill. kroner til investeringar og netto er bruk 16,7 mill. kroner av bundne fond, er netto avsetjing til disposisjonsfond 35,3 mill. kroner. Det betyr at det korrigerte driftsresultatet er noko lågare enn det ordinære. Disposisjonsfondet er ved utgangen av 2021 på 135,4 mill. kroner, som er 6 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot er budsjettet med 1,489 mill. kroner. KS-prognosene etter revidert nasjonalbudsjett er på 1,515 mill. kroner. Av auken er 3,7 mill. kroner kompensasjon for ekstra utgifter for covid-19, knytte til vaksinasjon og testing. Eigedomsskatt er budsjettet med 81,7 mill., faktisk inntekt i 2021 var på 81,2 mill. kroner.

Netto finansutgifter er budsjettet med 87,2 mill. kroner. Faktisk netto finansutgift i 2021 var 83,4 mill. kroner. Netto driftsresultat er etter dette 31,4 mill. kroner, eller 1,6 prosent av driftsinntektene. I dekking av resultatet er det overført 36,5 mill. kroner til investeringar, bruk av bundne driftsfond 4,4 mill. og bruk av disposisjonsfond 0,6 mill. kroner.

Samanlikna med revidert budsjett for 2021 er det for sum netto driftsramme til administrasjon og tenesteområda budsjettet med ein nominell auke på 38 mill. kroner til 2022, eller 2,6 prosent.

Kommunen har planlagt investeringar i varige driftsmiddel for til saman 176,3 mill. kroner. Investeringane er finansierte med lån på 97,3 mill. kroner, momskompensasjon 21 mill., tilskot 6,1 mill. og sal av varige driftsmidla med 20 mill. kroner. Lånefinansiering til brukarbetalte VA-anlegg gjennom avgifter, utgjer 17 mill. kroner. Til vidare utlån er det er budsjettet med 60 mill. kroner i nytt startlån frå Husbanken.

Ved siste årsskifte hadde kommunen som konsern ei brutto langsiktig lånegjeld på 2,8 mrd. kroner, som utgjorde 123 prosent av driftsinntektene.² I 2021 var landsgjennomsnittet utan Oslo 114,5 prosent. Av gjelda utgjorde Startlån til vidare utlån 400 mill. kroner. Netto renteeksponering for Sunnfjord kommune ligg på 78 prosent av totale driftsinntekter.³ Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 39,6 prosent.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Handlingsdelen i kommuneplanen, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat er i 2023 budsjettet med 41 mill., og 46,3 mill. kroner for kvart av åra 2024 og 2025. Dette gjev eit gjennomsnitt for perioden på 2 prosent av driftsinntektene. Netto driftsresultat er fullt ut overført til finansiering av investeringar.

¹ og ² Konsern-tal for kommunekassa med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

³ For Sunnfjord betyr det at ein renteauke på ein prosent isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med nær 0,8 prosent av driftsinntektene.



I heile økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det planlagt investeringar i varige driftsmidla for 850 mill. kroner. Største investeringane i perioden er rehabilitering av Sande skule, kjøp av Hafstad vidaregåande skule, Førde-pakken og VA-anlegg. Av investeringane er det planlagt at 480 mill. kroner skal finansierast med lån, der 68 mill. kroner utgjer lån til investeringar i VA-anlegg. Startlån frå Husbanken for vidareutlån er vidareført med 60 mill. kroner kvart år i perioden.

Brutto langsiglig lånegjeld (inkl. startlån frå Husbanken) er ved utgangen av 2025 for kommunekassa berekna til 3 mrd. kroner.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Sunnfjord kommunestyre har vedteke følgjande handlingsreglar og måltal i økonomiplanen:

- Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter:
 - 2022: 1,75 prosent
 - 2023, 2024 og 2025: 2 prosent
- Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter: 5 prosent
- Netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter: 90 prosent.

Etter vedtaket til kommunestyret for budsjett- og økonomiplan, er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat prosent av dr.innt.	1,75 – 2 prosent	1,6 %	2,1 %	2,3 %	2,3 %
Disposisjonsfond i prosent av dr.innt.	5 %	4,5 %	4,3 %	4,2 %	4 %
Netto lånegjeld i prosent av dr.innt	90 %	97 %	98 %	96 %	93 %

Ettersom kommunen fekk eit betre resultat i 2021 enn forventa, vart disposisjonsfondet styrkt, og berekna måltal vil difor vere noko høgare i heile perioden enn tabellen viser. Handlingsregelen for lånegjeld seier at nye låneopptak (utanom Husbanken) ikkje skal overstige avdragsutgiftene. Vekst i driftsinntekter vil då medføre at netto lånegjeld i prosent vil bli redusert over tid. Gjeldsgraden aukar likevel i 2023. Dette har samanheng med det planlagde kjøpet av Hafstad vidaregåande skule, ei investering budsjettert til 100 mill. kroner. Investeringa er ekstraordinær, men går utover det handlingsregelen gjev rom for.



Statsforvaltaren sine vurderingar

Sunnfjord kommune har eit moderat økonomisk handlingsrom vurdert etter ei gradering om lite, moderat eller større grad av økonomisk handlingsrom ut frå resultat, måltal og handlingsreglar.. For å styrke handlingsrommet er det nødvendig at kommunen gjennomfører dei omtalte økonomiske omstillingane med konkrete innsparingstiltak. Viktig i den samanheng er at handlingsregelen om gradvis å redusere lånegjelda samanlikna med driftsinntektene blir gjennomført i planlegging og styring av kommunen. På sikt vil òg dette gje moglegheiter til avsetjingar til disposisjonsfond og styrke kommunen sin bufferkapital. Kommunen vil då betre handtere midlertidige svingingar i økonomien, og over tid oppretthalde ei handleevne som sikrar eit stabilt og godt tenestetilbod til innbyggjarane.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Eitungjerde
fung. kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent